

ÅRSMELDING 2016

1. *Litteraturselskapet* Det Norske Samlaget er ein kulturpolitisk interesseorganisasjon skipa i 1868 med hovudoppgåve å leggje tilhøva til rette for nynorsk bokutgiving. Forlaget Det Norske Samlaget vart i 1978 skilt ut som sjølvveigande stifting. Dei som tingar tidsskriftet Syn og Segn er medlemmer i Litteraturselskapet. Selskapet held til i Oslo i leigde lokale.

2. *Talet på medlemmer* var 31. desember 2486 mot 2441 året før.

3. *Heidersmedlemmer* var Arthur Arntzen, Kjartan Fløgstad, Jon Fosse, Berge Furre, Ottar Grepstad, Audun Heskestad, Ragnar Hovland, Eldrid Lunden, Leif Mæhle, Andreas Skartveit, Aud Søyland, Guri Vesaas og Einar Økland.

4. *Styre og valnemnd etter årsmøtet 28. april 2016*

På årsmøtet vart Liv Kari Eskeland vald som leiar (for eitt år).

Styremedlemmer: Gunn Karin Gjøl og Audun Heskestad (valde for to år i 2016), Øystein Vangsnes (attvald for to år i 2015).

1. varamedlem Oddrun Remvik (attvald for eitt år).

2. varamedlem Sveinung Rotevatn (attvald for eitt år).

Oppnemnde av Kulturdepartementet: Magni Hjertenes Flyum og Emil Andre Erstad, med Unn Røyneland og Håvard Øvregård som personlege varamedlemmer (alle for fire år frå 2015).

Valde av forfatarane: Kristin Fridtun med Marit Kaldhol som varamedlem, begge for eitt år.

Valde av dei tilsette i forlaget: Maren Ingeborg Hvamstad med Ellen Skjold Kvåle som varamedlem, begge for eitt år.

I 2016 vart det halde fire styremøte. Styret heldt fram tradisjonen med eit arbeidsutval (AUL), som førebur saker for styret, og elles handsamar saker etter fullmakt frå styret. I AUL sat leiar Liv Kari Eskeland, nestleiar Øystein Vangsnes og styremedlem Audun Heskestad. AUL hadde 3 møte i 2016.

Årsmøtet valde denne valnemnda: Grete Riise, attval for to år. Audgunn Oltedal og Tor Fuglevik var ikkje på val. Jens Kihl vart attvald som varamedlem for eitt år.

Statsautorisert revisor Eivind Nilsen, PricewaterhouseCooper AS, var ansvarleg revisor.

5. *Det økonomiske resultatet*

Årsrekneskapen er sett opp ut frå føresetnaden om vidare drift. Inntektene er renter på kapitalen. Laget har i meldingsåret eit underskot på kr 9 328. Styret har fastsett at årsunderskotet blir dekt frå eigenkapitalen. Selskapet driv inga verksemd som forureinar det ytre miljøet.

6. *Styremedlemmer i forlaget*

I styret for Stiftinga Det Norske Samlaget etter valet sit Kari Bjørke, (vald for to år i 2016), Arne Medlien (attvald for to år), Randi Øgrey (vald for to år i 2016). 1. varamedlem er Liv Kari Eskeland som fast møtande. 2. og 3. varamedlem er Jan Heggheim og Eli Fiskvik, begge for eitt år. Oppnemnd av Kulturdepartementet er Espen Udland med Erik Bolstad som varamedlem (begge for to år frå 2015). Kjersti Instefjord er vald som styremedlem med David Allan Aasen som

varamedlem (begge for to år i 2016) av dei tilsette i forlaget. Styret konstituerte seg med Kari Bjørke som leiar og Arne Medlien som nestleiar.

7. *Sekretær* i Litteraturselskapet var forlagsdirektør Edmund Austigard. Det er ingen fast tilsette i selskapet.

8. *Syn og Segn*

Tidsskriftet kom med fire hefte på i alt 400 sider. Årspengane var kr 425 for vanlege abonnentar, kr 350 for skuleungdom og studentar og kr 525 for institusjonar, laussal kr 129. Ansvarleg redaktør Knut Aastad Bråten.

9. *Arbeidsoppgåver i meldingsåret*

Styret arbeider etter ein plan som avspeglar kjerneoppgåvene for Litteraturselskapet og eit tydeleg skilje mellom Stiftinga og Litteraturselskapet sitt ansvar, i samsvar med tidlegare drøftingar og fellesmøte med dei to styra.

Arbeidet i Litteraturselskapet er prega av omstillinga og færre ressursar i administrasjonen i forlaget. Dessutan har Litteraturselskapet arbeidd målmedvite for at selskapet skal vere ein ressurs for Stiftinga i forlagsdrifta.

Styret har fordelt arbeidsoppgåver mellom medlemmene, med klare mål og rapportering på styremøta.

Styret inviterer ofte eksterne innleiarar til drøftingar. I 2016 har det vore fleire:

- Kristenn Einarsson, direktør i Forleggerforeningen om strategi for ny bokavtale
- Siri Ingvaldsen, fylkesbiblioteksjef i Sogn og Fjordane om skulebiblioteka. Behov og styrking for å kunne gi eit godt tilbod til brukarane
- Språk som nøkkel til integrering. Høyringsfråsegn til integreringsmeldinga – innleiing ved den nye leiaren i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn.
- Bjørn Ingvaldsen, leiar i NBU om skulebiblioteka

Prioriterte arbeidsoppgåver i 2016 har vore følgjande:

Fastpris på bøker

Litteraturselskapet har i lengre tid følgd utviklinga knytt til bokavtalen, fastprissystemet og innkjøpsordningane, i tillegg til saker som nullmoms på e-bøker, opphavsrettar og andre rettar på det digitale området. Etter at den nye regjeringa oppheva boklova, har laget arbeidd for ein ny bokavtale. Denne vart godkjend av styresmaktene for 2 år og gjeld frå 1.1.2015. Laget har i 2016 invitert leiar for forleggarforeningane til styremøte for å gjere greie for korleis dei tenkjer å sikre den nynorske litteraturen i ein ny bokavtale.

Norsk Ordbok

Universitetet i Oslo vedtok i juni 2014 å seie frå seg ansvaret for forvaltning og drift av språksamlingane. Litteraturselskapet har engasjert seg sterkt i saka over lengre tid, og har gjennomført ei rekkje møte, mellom anna med Universitetet i Oslo og Nasjonalbiblioteket i forsøket på å finne ei løysing for språksamlingane og ei vidareføring av Norsk Ordbok. Styret i laget har også delteke aktivt i Ordbokgruppas arbeid for å finne ein ny heim for språksamlingane og for vidare drift av Norsk Ordbok. Ordbokgruppa er ei breitt samansett gruppe av høgskular og universitet, leia av Nynorsk kultursentrum. Ordbokgruppa vann fram

med framlegget sitt om å leggje språksamlingane og vidare drift av Norsk Ordbok til Universitetet i Bergen (UiB) og Høgskulen i Volda HiVo). Band 12 av Norsk Ordbok vart ferdigstilt i desember 2015, og blei lansert i mars 2016. Medlemmer av styret har i 2016 engasjert seg for å hjelpe til med etableringa av det vidare arbeidet ved UiB og HiVo. Spesielt gjeld dette arbeidet med å søke finansiering av fulldigitalisering av Norsk Ordbok og vedlikehaldet av ordboksverket i framtida.

Samanslåing av fond og legat og endring i prisane som blir utdelte frå desse

Styret har i lengre tid arbeidd med å slå saman fond og legat for å forenkle arbeidet med desse og å redusere kostnadene. I 2016 reviderte styret kriteria for utdeling av prisar i tråd med føringane frå Stiftingstilsynet i Førde.

Forvaltning av kapitalen

Etter at Stiftinga valde å selje Jens Bjelkes gate 12 har forlaget innfridd låna. No er pengane plasserte i bank, noko som skal gi ei langsiktig og trygg plassering. Rentenivået som var i 2016 gir lita avkastning, noko som synast i rekneskapen. Styret vil i 2017 vurdere om det finns andre plasseringsalternativ enn bank, og om alternative plasseringar er mogeleg innanfor vedtektene for fonda og legata.

Vennelaget Samlagsrota

Samlagsrota vart skipa av folk som er glade i Samlaget og i nynorsk språk og litteratur. Laget hadde første driftsåret sitt i 2013. Laget hadde i meldingsåret fire arrangement. Tema for møta er valde frå bøkene forlaget hadde gjeve ut, eller om forfattarar som Vennelaget Samlagsrota ville vektleggje. I styret for laget sat Audun Heskestad (leiar), Svenn Fosseng (sekretær), Synnøve Skjong, Arne Torp, Øystein Grønmyr og Guri Vesaas. Opplysningar om vennelaget finn ein på Samlagets heimeside.

Litteraturprisar og tildelingar

I 2016 har desse fått litteraturprisar som Litteraturselskapet Det Norske Samlaget har ansvaret for å dele ut, eller har medansvar for.

Nynorsk litteraturpris på kr 30 000 vart tildelt Eirik Ingebrigtsen for *Spikrar frå fallande plankar*.

Sokneprest Alfred Andersson-Ryssts pris til stønad for nynorske bokmenn og for samkjensle mellom Noreg og Færøyane/Island gav prisen på kr 10 000 til Kjersti Rorgemoen.

Alf Helleviks mediemålpris til yngre nynorskbrukarar i radio og fjernsyn som dyrkar eit godt normalisert talemål i media, vart i 2015 delt ut til Ingunn Solheim. Prisen er på kr 25 000.

Fridthiov Oos-prisen delte ut tre premiar à kr 5000 for dei beste hovudstilane på nynorsk til eksamen ved vidaregåande skule, allmennfag. Vinnarane var Amalie Øye Trones frå Odda vidaregåande, Per Sveino Strand frå Spjelkavik vidaregåande skole og Vilde Amalie Tolo frå Stavanger katedralskole.

Prisnemnda for *Nynorsk litteraturpris* hadde desse medlemmene: Ingrid Werne Nilsen (oppnemnd av Det Norske Teatret), Siri Ingvaldsen (oppnemnd av Noregs Mållag) og Ragnar Hovland (oppnemnd av Det Norske Samlaget).

Styra og juryane for dei prisane som er delte ut i 2016 har fungert, sjølv om kapitalen er overført til det nye Samlagsfondet. I vedtektene for dette fondet går det fram at formåla til alle dei samanslegne fonda og legata skal ivaretakast i samsvar med innskoten kapital. Oversyn over

juryane til dei ulike prisane er gitt under fond og legat. Eit oversyn over dei litteraturprisane som Samlagsforfattarar fekk i 2016 er teke med i årsmeldinga frå forlaget.

Fond og legat

Dei fonda og legata som Det Norske Samlaget no styrer eller fører tilsyn med, hadde ved utgangen av 2016 ein samla kapital på kr 8 178 883. Nettoinntekta var kr 173 421 før utdelingane.

	<i>Nettoinntekt før utdeling</i>	<i>Utdeling</i>	<i>Kapital per 31.12.16</i>
Samlagsfondet	168 923	71 000	7 326 710
Haavoll-Lølandsfondet	4 498	0	852 173
	<u>173 421</u>	<u>71 000</u>	<u>8 178 883</u>

Kapitalen i desse fonda og legata var per 31. desember 2016 plassert slik:

Aksjar	39 984
Bankinnskot i Danske Bank	8 151 400
Til gode/skuld	-12 500
	<u>8 178 883</u>

Fridthiov Oos- prisen har i 2016 denne juryen: Geir Lorentsen (oppnemnd av Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab), Olav V. Hauge og Synnøve Skjong (oppnemnde av Det Norske Samlaget).

Sokneprest Alfred Andersson-Ryssts pris hadde desse medlemmene i juryen: Jan Kløvstad, Margunn Rauset og Ottar Fyllingsnes (alle oppnemnde av Det Norske Samlaget).

Alf Helleviks mediemålpris hadde denne nemnda: Magni Hjertenes Flyum, Inger Størseth Haarr og Sigvart Østrem, alle oppnemnde av Det Norske Samlaget.

10. *Fivefondet*

Styret i Litteraturselskapet og styret i Studentmållaget i Oslo vedtok å avvikle Fivefondet. Kapitalen vart delt likt mellom Studentmållaget og Litteraturselskapet. Delen som tilfell Litteraturselskapet vart lagt til kapitalen i Samlagsfondet.

Oslo, 30. januar 2017


Liv Kari Eskeland, leiar


Emil Andre Erstad



Magni Hjertenes Flyum


Kristin Fridtun


Gunn Karin Gjul


Audun Heskestad


Maren Ingeborg Hvamstad


Øystein A. Vangsnes


Edmund Austigard

LITTERATURSELSKAPET DET NORSKE SAMLAGET

REKNESKAP 2016

RESULTATREKNESKAP

	Note	2016	2015
Inntekter:			
Renteinntekter		13 172	19 728
Sum inntekter		<u>13 172</u>	<u>19 728</u>
Kostnader:			
Revisjon	7	12 500	12 500
Nynorsk litteraturpris		10 000	10 000
Sum kostnader		<u>22 500</u>	<u>22 500</u>
Årsresultat		<u>-9 328</u>	<u>-2 772</u>

BALANSE PR. 31. DESEMBER

		2016	2015
Eigneluter:			
Bank		1 663 101	1 672 429
		<u>1 663 101</u>	<u>1 672 429</u>
Gjeld og egenkapital:			
Eigenkapital	8	1 672 429	1 675 201
Årsresultat		-9 328	-2 772
		<u>1 663 101</u>	<u>1 672 429</u>

Oslo, 30. januar 2017


Liv Kari Eskeland
Leiar


Emil Andre Erstad



Magni Hjertenes Flyum


Kristin Fridtun


Gunn Karin Gjøl


Audun Heskestad


Maren Ingeborg Hvamstad


Øystein A. Vangsnes


Edmund Austigard
Dagleg leiar

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Notar til rekneskapen 2016

Note 1 Prinsipp for føring av rekneskapen

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk etter reglane for små føretak.

Note 2 Lønnskostnad, tal på tilsette og liknande

Selskapet har ikkje hatt tilsette i 2016.

Note 3 Fordringar, gjeld, pant, garantiforplikting

Det er ikkje stilt garantiar eller pant frå selskapet.

Note 4 Styre og leiing

Styreleiar: Liv Kari Eskeland.

Sekretær for selskapet: Edmund Austigard

Note 5 Bundne midlar

Det er ingen bundne midlar i selskapet.

Note 6 Varige driftsmiddel

Det er ingen varige driftsmiddel i føretaket.

Note 7 Godtgjersler

Det er ikkje utbetalt lønn og anna godtgjersle i 2016. Det er heller ikkje utbetalt godtgjersle til sekretær eller styret. Honorar til revisor er rekneskapsført med kr 12 500,- medrekna meirverdiavgift.

Note 8 Eigenkapital

Eigenkapital 01.01.2016	kr 1 672 429
Årsresultat	- <u>kr 9 328</u>
Eigenkapital 31.12.2016	<u>kr 1 663 101</u>